

Referat frå elevråd 02.12.25

Til stades:

Viktor, Oda, Julie, Trygve, Kristian Elias, Ingveig og Kristin

Saker:

28) BUK, tilbakemelding etter Barn og unges kommunestyre

Det var kjekt, det kjekkaste var debatten. Elevane frå Hognestad klarte seg svært bra. Mange av punkta våre var like dei andre skulane. Forslaget som vann var å setja opp ei minigolf-bane i Bryne (nær rådhuset?).

29) Graut før jul

Rektor har bestilt graut til heile skulen, kor tid skal me ha det, og korleis skal me organisera det? Elevrådet ynskjer at det vert fredag 12.12, og vil gjerne at klassane vert blanda, så fadrane kan vera med fadderungane. Elevrådet tilbyr seg å vera med å servera, og spør om det er mogleg å ha mandel i grauten?

30) Nasjonale prøvar

Rektor informerer om korleis det gjekk på nasjonale prøvar. Elevane på Hognestad klarer seg stort sett godt på lesing og matematikk, litt vanskelegare med engelsk. Skulen ser at oppgåver med «leit og finn», svaralternativ og få ledd i oppgåvene er greiast. Me ser at me må arbeida meir med oppgåver med lange tekstar, oppgåver der ein må tolka, og divisjonsstykker. Elevrådet kjem med innspel om og arbeida meir med lesing og engelsk, men at det er viktig å forstå kva og kvifor me gjer ting i timane.

31) Julefest

Korleis få fleire foreldre til å gå rundt juletreet, og korleis få ungane til å gå fint? Elevrådet føreslår at rektor nyttar sjansen til å seie at det er viktig at alle er med og går rundt treet og at ryddinga kan vente, kanskje kan fadrane gå med fadderungane og 4.klasse gå innerst med treet?

32) Film

Film nr.1 er ferdig, og elevrådet fekk sjå filmen i møtet. Den er blitt veldig bra! Elevrådet vil visa den for resten av skulen i biblioteket siste dagen før jul!

33) Adventssamlinga siste skuledag

Kva vil me gjera? Elevrådet vil tenna lys. Dei føreslår å visa bilete frå hausten, visa filmen, og synga julesongar. Kanskje kan nokre av elevane spela instrument til?

34) Kor skal den nye vippe stå?

Elevrådet føreslår at vippe plasseres i enden av hallen, og flytta bålplassen litt nærare skulen.

Referent

Kristin Sando
Elevrådskontakt